



# Vigre BARNEHAGE

## **Innholdsliste**

1. Presentasjon av barnehagen
  - 1.1 Barnehagens visjon
  - 1.2 Eigenart/profil
  
2. Barnehagens verdigrunnlag
  - 2.1 Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg
  - 2.2 Barnehagen skal ivareta barns behov for lek
  - 2.3 Barnehagen skal fremme danning
  - 2.4 Barnehagen skal fremme læring
  
3. Fokusområder frå Kvalitetsplan for barnehagen
  
4. Medvirkning
  - 4.1 Barn
  - 4.2 Foreldresamarbeid
  
5. Overganger
  - 5.1 Når barnet byrjar i barnehagen
  - 5.2 Overganger innad i barnehagen
  - 5.3 Overgangen mellom barnehage og skole
  
6. Samarbeid
  - 6.1 Samarbeid internt i barnehagen
  - 6.2 Samarbeid med eksterne instansar
  
7. Vurdering

## **Barnehagens samfunnsmandat:**

*Barnehagens skal i samarbeid og forståelse med hjemme ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering (Lov om barnehager, § 1).*

## **1. Presentasjon av barnehagen**

**1.1** Vigre natur og friluftsbarnhage barnehage sitt slagord er *Leik og lyst langs Jærens kyst*.

Visjonen speglar landskapet rundt og *kva* som skal prege barnehagekvardagen. Me arbeidar fortiden med å lage ein visjon for barnehagen og reknar med at den vil vere klar i løpet av barnehageåret.

**1.2** Barnehageåret 2018/2019 vart me ein natur og friluftsbarnhage. Barnehagen er plassert i naturskjønne omgivelser og har havet, skogen og kjelvene rett utanfor porten. Vårt unike uterom utfordrar og innbyr til leik og fysisk aktivitet, kor meistring og felles glede er viktigast. Vi får oppleve det særegne jærlyset og veret med alle sine skifter heile året. Vi er ofte på ulike turer og både Vigreskogen, Obrestad hamn, Jærmuseet og Grødalandstunet er i gåavstand frå barnehagen. Barnehagen sitt unike nærmiljø gjer oss muligheter innan natur- og friluft som få andre barnehagar har. Det er vedtatt at barnehagen skal i tillegg til turer ha minst ein utedag i veka frå april-november og ein utedag i månaden frå desember til mars. Kor utedagane er endrar seg, nokre gonger er me i Vigre skogen andre gonger på gardsbesøk eller lignande. Felles for utedagane er at foreldre leverer og henter barna på plassen me er. I tillegg til dette har avdeling Løå og stallen ein dag på jærmuseet kvar måned. Her får dei delta på ulike opplegg lagt opp av pedagoger knytta til jærmuseet. Dette er lærerike og kjekke dager.

### 3.3 Utvikle vennskap – eit inkluderende barnehagemiljø

I Rammeplanen står det at personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken. Leik, sosial kompetanse og venskap heng nøye saman. Leik krever sosial kompetanse, og gjennom leiken bli det danna venskap. Venskap kan auke sjølvkjensla og sjølvtilitt hos eit barn. Ofte kan en eller fleire vener være grunnen til at barnet gleder seg til ein ny dag i barnehagen.

Det er nødvendig med tilrettelegging og hjelp for at alle barn skal få delta i fellesskapet. Personalet må kontinuerlig i løpet av dagen være observante på prosessar mellom barn og arbeide aktivt for at alle barn blir inkluderte. Dette arbeidet skjer i formelle og uformelle situasjonar.

Hausten 2016 samarbeida Hå kommune med Klepp, Time og Gjesdal og utvikla ein nettstad kor foreldre, ansette og andre kan gå inn og få viktig informasjon om *krenkande atferd*. Denne nettstaden finn du her: <http://www.tryggbarnehage.no/>

Inkluderende skule og barnehagemiljø er ei nasjonalsatsning som me i Vigre natur og friluftsbarnhage er så heldige å få være med på saman med 3 andre barnehager og 4 skuler i kommunen. Prosjektet handler om å oppdager krenkelser og mobbing i eit tidleg stadie for å raskt gripe inn- tidlig innsats.

## 2. Barnehagens verdigrunnlag

### 2.1 Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Alle barn har rett til å bli møtt med omsorg, og personalet skal møte det unike hjå alle barn. Personalet skal vere lydhøre for barnas nonverbale og verbale uttrykk.  
«Personalet skal verdsette barnas egne omsorgshandlingar» (Rammeplanen, 2017, s. 19)

Omsorg er ei forutsetning for barna si totale utvikling. For oss i Vigre barnehage er det viktig med omsorg i alle ledd. Det betyr omsorg i leiing, omsorg mellom vaksne, mellom vaksen – barn og barna seg i mellom. I Vigre barnehage er det å gi og motta omsorg ein naturleg del av barnehagekvardagen. Barna skal ikkje bare lære å ta imot omsorg, men også motiverast til å gi omsorg.

### 2.2 Barnehagen skal ivareta barnas behov for leik

«Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre» (Rammeplanen, 2017, s. 20). Personalet skal ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken. Dei skal rettleie barna dersom leiken utviklar uheldige samspelsmønster, vera bevisst på, og vurdere eiga rolle og deltaking i barns leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).

Leiken har ein sentral plass i kvardagen i Vigre barnehage, og vi legg til rette for at det fysiske rommet både inne og ute skal innby til kreativ leik. Det er viktig for oss at alle barn har ein ven, og vi arbeider systematisk med ulike metodar for å utvikle og fremje venskap mellom barna. Den viktigaste metoden vi brukar for å oppnå dette er **leik**. Vi har fokus på å leike i små grupper med vaksne som er til stades. Dette gir oss moglegheit til å sjå det enkelte barn i leikesituasjonar og bli

betre kjent med barnas interesser, styrker og behov. Det gir oss også moglegheit til å vidareutvikle leiken. Barnehageåret 2018/2019 og 2019/2020 har vi prosjektet leikelyst. Prosjektet har fokus på barns leik og den vaksne si rolle i leiken, noko som vil gje oss meir kompetanse på feltet.

### **2.3 Barnehagen skal fremje danning**

*Barnehagen skal legge grunnlag for modig, sjølvstendig, og ansvarlig deltaking i demokratisk fellesskap og bidra til at barna utviklar kritisk tenking. Barnehagen skal bidra til at barna forstår verdiar og normer som er viktig for fellesskapet og legge til rette for utvikling av etisk vurdering. (Rammeplanen, 2017, s. 21).*

I Vigre barnehage vil vi leggje til rette for meningsfulle opplevingar, og støtte barnas identitetsutvikling og positive sjølvbilete, læra barna å ta konsekvensar av eigne val, og gjere dei i stand til å handtera livets mange utfordringar. Danning skjer i det daglege sampelet som er ein del av barns utvikling, og heng nært saman med leik, læring og sosial kompetanse.

I Vigre barnehage har vi fokus på å vise omsorg for og å ta vare på naturen. Barna skal utvikle respekt for naturen som for eksempel ved å ta vare på plante- og dyreliv og rydde *søppel* etter seg sjølv og andre.

### **2.4 Barnehagen skal fremje læring**

*Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansane i sine læringsprosessar. Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som legg til rette for meningsfulle samhandlingar og som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre (Rammeplanen, 2017, s. 22).*

Barnehagen er ein viktig arena for å etablere gode friluftsvanar. Friluftsliv og uteleik har en sentral plass i Vigre barnehage. Barna i Vigre skal læra om naturen og læra setje pris på naturen sine moglegheitar gjennom alle årets månadar.

Vårt fokus skal vera å gi barna rike fellesopplevingar ute i naturen tilpassa både individet og gruppa. Dei minste skal læra uteområdet og nærområdet til barnehagen å kjenna, medan dei eldste barna har utedagar og lengre turar til for eksempel Obrestad hamn eller Vigreskogen.

### **3. Fokusområde i 2019/20- Godt språkmiljø for alle barn**

Fokusområdet i Vigre barnehage er hentet ut fra kvalitetsplanen for barnehageri Hå. Fokus området er gjennomgående i alle kommunale barnehager i Hå kommune.

I kvalitetsplanen står det :

Godt språkmiljø for alle barn Barnehagen er ein sentral arena for utvikling av språk, kultur og identitet. Språket er ein føresetnad for utvikling av vennskap og deltaking i fellesskapet. Barn si språkutvikling heng nøye saman med kvaliteten av det språkmiljøet dei er ein del av. Eit rikt språkmiljø byggjer på kompetente tilsette som forstår barna sine ulike uttryksmønster, som kan gje støtte og utfordre barna til vidare utvikling. Språket som kommunikasjonsmiddel er eit reiskap for tenking og uttrykk for eigne tankar og følelsar. Barnehagen skal ha kompetanse på å observere, dokumentere og vurdere språkmiljøet til det enkelte barn og til barnegruppa.

Prosessmål

- Ha kompetanse på ikkje-verbal kommunikasjon i møte med dei yngste barna.
- Ha kompetanse på barn si kommunikasjons- og språkutvikling
- Systemisk bruk av observasjonsmateriellet og kartleggingsverktøyet TRAS (Pedagogisk kartleggingsverktøy for observasjon av språkutvikling hos barn i alderen 2-5 år)
- Fange opp språkvanskar og kjenne til alternative kommunikasjonsformer

I Vigre natur og friluftbarnehage arbeider vi med språk kontinuerlig i kvardagen gjennom å språksette det me gjer og i samtaler med barna. Eksempelvis i måltider og andre overgangssituasjoner brukes det dialog og begreper. I tillegg har me inne ei fra kommunen som skal ha dialogisk lesning med barna som går på stallen. Me vil følge eit opplegg som er fra administrasjonen, dette handler om kompetanseheving for dei ansatte og legge planer for korleis

utvikla eit godt språkmiljø i vår barnehage. Det vil og verte leikegrupper med fokus på språk da vi veit at barn lærer best gjennom leik.

#### **4. Medverknad**

**4.1** Vigre barnehage arbeider for at barna skal ha høve til å påverka sin eigen kvardag. Dei skal få medverke til, og koma med sitt syn på barnehagekvardagen. Deira synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og modning. Barn skal møtast med respekt og anerkjenning av personalet i barnehagen. Det betyr at personalet må vere merksame både på barns kroppslege og språklege uttrykk. Personalet må vere vakne, sjå og høyre kva det er barnet ynskjer å formidle, og ta barna sine uttrykk på alvor. Me er opptekne av at me skal ta oss tid til at barna skal få uttrykkje sine ynskjer og behov. I tillegg har me oppretta eit «Vigre råd» som tredde i kraft mai 2019. Dette rådet består av barna som skal begynna på skulen og ein til to tilsette i barnehagen. Her for dei oppleva demokrati. Me tar me opp ulike ting og planlegg arrangement. Møta skal verte haldt 1 gong i månaden og me ynskjer å kunne avslutte med eit besøk til rådhuset med omvisning av ordføraren.

**4.2** Foreldresamarbeid vert sikra gjennom foreldremøter og foreldresamtalar samt den daglege kontakten mellom personal og foresatte. Barnehagen har eit foreldrearbeidsutvalg ( FAU) som er samansett av valgte foreldre i barnehagen og eit samarbeidsutvalg ( SU) med representantar frå kommune, barnehage og foreldre. Leiar og nestleiar i foreldrearbeidsutvalget er medlem av SU. I tillegg er det eit styremedlem som representerer Vigre barnehage i kommunalt FAU.

#### **5. Overganger**

##### **5.1 Når barnet begynner i barnehagen**

I Vigre barnehage legg me vekt på ein trygg start i barnehagen. Personalet skal sørgje for tett oppfølging den første tida slik at barna kan etablere gode relasjonar, oppleve tilhøring og tryggleik til å leike, utforske og lære. For å oppnå dette har vi eit foreldremøte kort tid etter barnehageopptak, barna får fortløpande besøkstider der dei kan etablere ein relasjon til sin primærkontakt. Det vert og gitt anledning til å vitje barnehagen ein time i veka på oppsette dagar i etterkant av dette. Ved

starten av barnehageåret er det lagt opp til minimum fem dagars tilvenning der barnet er i barnehagen saman med sine føresette. I tillegg har vi tilvenning for barna på våren. Vi starter med eit foreldremøte i april og besøksdager for det enkelte barn i etterkant av dette møtet. I midten av mai åpner vi barnehagen onsdager fra 9-10 for barna som skal begynne i barnhagen. Barna får da møte sin primærkontakt. Erfaring viser at de barna som kjem på desse åpne dagene har ei lettere tilvenning i barnehagen.

## **5.2 Overgangar i barnehagen**

Overganger innad i barnehagen i Vigre barnehage er det slik at barnet starter på Bingen, Fjoset, Løå og avslutter på Stallen, som ligg i skulebygget. Denne rekkefølga kan variere noko frå år til år i forhold til antall ungar og andre omsyn me må ta.

I juni arrangerer me fleire besøk på ny avdeling. Då får barnet vitje ny avdeling i lag med primærgruppe og primærkontakt, om mogleg, og delta i samling og i måltid. Målet er å leggje til rette for ein mjuk overgang, at barna skal verta kjende og få ein byrjande tryggleik på ny avdeling før oppstart i august.

## **5.3 Overgangen mellom barnehage og skule**

Me har gode rutinar for overgangen barnehage-skule. Frå februar/mars fram til juni vert barna inviterte til tilpassa skulestart. Barna får då gå på besøk til "sin" skule. Her er det eit variert opplegg der barna vert kjend med skulen, lærarar og kvarandre. Dei barna som går i barnehagen den dagen, vert fylgt av personalet i barnehagen, så langt det lar seg gjere. De foreldre vert inviterte til foreldremøte på skulen, samt til ein overgangssamtale med barnehagen, heimen og skulen.

# **6.Samarbeid**

## **6.1 Samarbeid internt i barnehagen**

Vi ynskjer at samarbeidet på tvers av avdelingane skal vere trygt og godt, og at barna etterkvart skal kjenne alle vaksne og barn i barnehagen. Det er òg viktig at barna vert trygge på dei ulike avdelingane sidan dei fleste vil vera innom alle fire avdelingane i løpet av tida i Vigre.

Elles samarbeidar vi på tvers av avdelingane for å gjere overgangen best mogleg. Vi legg opp til fleire felles arrangement og turar i løpet av året.

**Leiarmøte:** Dei pedagogiskeleiarar frå dei ulike avdelingane deltar og møte vert gjennomført ei gong i veka.



**Avdelingsmøte:** Avdelingane har møte 1 gong i veka. På møte tek vi opp faglige refleksjoner, utfordringar og gir veiledning og er ein arena for samarbeid innad på avdelingane.

**Fagmøte:** fagarbeidar og barnehagelærer på tvers av avdelingane møtes for faglig refleksjon, kompetanseheving og veiledning.

**Komitémøte:** Personale og barn frå *trampolineklubben* planlegg spesielle markeringar.

## 6.2 Samarbeid med ekstern instanser

**PPT** – pedagogisk psykologisk rådgjevingsteneste for foreldre og barnehage. Vigre barnehage har ein eigen kontaktperson i PPT, Linda Iren Jellestad.

**Resursteam:** Teamet er satt saman på tvers av etatane. Barnehagen og foreldra kan ta opp utfordringar som gjeld einskilde barn eller barnegrupper i sos.ped. teamet. Blir eit barn tatt opp med namn skal det alltid vere i samarbeid med foreldra, og foreldra skal gje skriftlig løyve til dette. Sosialpedagogisk team består av helsesøster Elisabeth Kydland Plut, Barnevernskonsulent Lillian kvitvær, pedagogisk psykologisk rådgjever Linda Iren Jellestad. Styrer og pedagogar deltar på møtene. Ved behov kan og foreldre delta på desse møtene.

I tillegg har me samarbeid med mellom anna Jærmuseet, Familiesenteret, Hå mottaksenter, skulane i krinsen og brannvesenet med fleire.

## 7. Vurdering

**Kvalitetskryss:** Vigre barnehage brukar Kvalitetskrysset for å evaluere vår praksis og vårt arbeid. Kvalitetskrysset brukar me både på leiarmøte, avdelingsmøte og personalmøter. Det skal og vere ein felles evaluering og reflektering av arbeidet i personalgruppa kvart år.

**Brukarundersøking:** Vi har ei brukarundersøking i løpet av barnehageåret. Foreldra får passord tilsendt på mail og vert oppmoda til å delta. Svara frå undersøkinga brukar vi til vidare arbeide med å heva kvaliteten i barnehagen. Resultat av brukarundersøkinga vert lagt fram for FAU og SU.

**Ståstedsanalyse:** Tilsette i Vigre barnehage deltek i undersøking om arbeidsmiljø og utvikling. Resultatet vert lagt fram for SU i ettertid av undersøkinga. Analysen vert nytta til å heve kvaliteten i barnehagen.

**Barnesamtaler:** 4- og 5 åringane har barnesamtale med pedagogen på sin avdeling. Tema for desse samtalene er blant anna trivsel.